

Dale Bygdelag

Notat etter møte om framtida for Dale Grendahus

Deltakarar: Innbyggjarar som soknar til Dale Grendahus

Dato: 24.05.2018

HISTORIE, STATUS OG FRAMTID FOR DALE GRENDAHUS

Dale Bygdelag blei stifta i 10.11.1996. Dale Bygdelag har til formål å ta vare på og utvikla bygda sine interesser, til beste for innbyggjarane. Laget skal stimulera til samarbeid i bygda og likeeins samarbeid med andre bygdelag, kommunen og andre det er naturleg å samarbeida med.

Ein viktig grunn for etableringa var at Radøy kommune vurderte å avhenda kommunale bygg, der og Dale Grendahus, tidlegare Dale skule, var aktuelt for sal.

Dette skapte eit stort engasjement i bygda, der bygdefolket i møte gav klart uttrykk for at huset framover måtte bli ein del av bygda og tilgjengeleg for innbyggjarane.

Bygget vart den gang ikkje ein del av den byggmasse som kommunen valde å avhenda, bl.a. med bakgrunn i behov for tilgang til lokale for barnehage.

Dale Bygdelag og Radøy kommune har sidan år 2000 hatt ein avtale om at bygdelaget «driftar» huset og har dagleg ettersyn og oppfølging. Dette gjeld ikkje den del av huset som kommunen bruker til barnehage. Bygdelaget har, som del av denne avtalen, hatt gratis bruk av bygget til sine aktivitetar. Ein har og kunna leiga ut lokalet til arrangement. Her har bygdelaget betalt inn ein liten avgift til kommunen pr. betalte arrangement.

Avtalane har det meste av tida hatt kort tidshorisont og til dels og vore munnlege.

For tida har ein avtale med tidshorisont på 1 måned om gangen.

I åra etter år 2000, har huset vore brukt av ulike organisasjonar, bl.a Radøy Brass og Sæbø skulemusikklag. Nordhordland Husflidslag har og ein avtale om bruk av huset med kommunen. Dette er ein eigen del av lokalet, som berre husflidslaget har tilgang til. Dei har og tilgang til fellesareal.

Frå hausten 2018, er det berre husflidslaget som bruker huset fast. Radøy Brass har eit rom til instrumentlager, samt bruker lokalet til enkelte øvingar.

Kort om historie:

Dale skule vart bygd i åra 1938-1940. Grunn gitt av garden på Dale, mens huset blei bygd av Sæbø kommune.

Etter ny skule i Austmarka vart tatt i bruk i 1973 vart Dale skule brukt som bl.a. klubblokale for MA-Radøy fram til den brann ned i 1984. Nytt bygg kom på plass i åra 1986-1987. Dale Grendahus vart bygd opp på forsikringspengar, men då gamleskulen var «underforsikra», trådde bygdefolket til å sørge for all rydding av brannruinar, samt klargjering av grunnmur for nytt bygg. Dette var ein stor dugnadsinnsats!

Drift og vedlikehald:

Dale Bygdelag har sidan ca. 2000 drifta huset på den daglege basis.

Større vedlikehaldsprosjekt, med dugnadsinnsats frå bygda har i hovudsak vore følgjande:

2009: Nytt golv i salen. Alt materiell betalt av bygdelaget. Arbeid utført på dugnad av bygdelaget.

2010: Utvendig maling: Dugnad frå bygdelaget med stillas etc. (kommunen dekkja kostnad med maling/utstyr).

2010: Nytt kjøkken: Alt materiell betalt av bygdelaget. Arbeid utført på dugnad av bygdelaget.

2011: Skifte av vinduer på sørvegg. Arbeid utført av bygdelaget.

2012: Innbrot og tjuveri på Dale. Alle reparasjonar på bygg, dører etc. og andre utgifter vart betalt av bygdelaget.

2012: Lekkasje i tak (sløyse) over toalett. Alt reparert av Bygdelaget. Takstein måtte kjøpast privat på Finn.no. Fekk tilsendt takstein frå Sandefjord.

2015: Maling av sal og scene. Alt materiell betalt av bygdelaget. Arbeid utført på dugnad av bygdelaget.

Dale Bygdelag har lagt ned betydeleg med innsats på Grendahuset i åra frå 1996 til 2018.

Avklaringar:

Dale Bygdelag ber i evt. vidare prosess om avklaringar frå Radøy kommune på følgjande områder:

1. Er det aktuelt at Radøy kommune vil overdra huset til Dale Bygdelag?
2. Når kan evt. dette skje?
3. Kva for avtalar har Radøy kommune med andre leigetakar, eks. NH Husflidslag, og kva vil skje med desse om kommunen ikkje lenger skal ha huset?
4. Har kommunen oversikt over kostnad for drift av huset? Eks. Strøm, forsikring, kommunale avgifter, renovasjon etc.
5. Bruksendring ved evt. eigarskifte. Kva konsekvensar kan dette få?
6. Ligg huset i område med ei eller anna form for regulering som kan påvirke framtidig bruk av huset?
7. Andre faktorar som kan påvirke bruk av huset på f.eks. utleige av delar for å finansiera delar av drift?
8. Det har komme fram i møter angående denne prosessen, spørsmål om følgjande i forhold til teknisk tilstand på bygget:
 - a. Huset er over 30 år, og tak bør sjekkast og må sannsynlegvis fornyast.
 - b. Ein har observert stor aktivitet av rotter i området over fleire år, og høyrte aktivitet av skadedyr i veggjar.
 - c. Det har komme opp i møter om utslepp frå huset har godkjent standard for slike bygg, ref. dagens krav/regelverk.
 - d. I forhold til alder og tidspunkt for forrige maling utvendig, vil slikt vedlikehold måtte utførast i relativt nær framtid.
 - e. Delar av inneareal, som ikkje er pussa opp av bygdelaget, er svært nedslitt.
 - f. Mogeleg taklekkasje i del av hus som vert brukt av NH Husflidslag.

Styret i Dale Bygdelag startar prosess med Radøy kommune. Målet er at ein i samarbeid med kommunen skal kunne finna løysingar for at Dale Grendahus i framtida skal vera tilgjengeleg å kunna brukast av bygdefolket. Huset skal og kunne vera tilgjengeleg for andre interesserte brukarar frå kommunen, samt lag og organisasjonar.